

Til

Klima- og miljødepartementet

## «INNSPEL TIL STORTINGSMELDING VILLREIN»

Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval sluttar seg til alle som er opptatt av villrein med at dette kan bli ei heilt avgjerande melding for villreinen. Vi har såleis store forventningar til resultatet av meldinga og ikkje minst vidare oppfylgjing.

Brattefjell-Vindeggen villreinområde dekker heile Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernombordet pluss noko meire. Bakrunnen for at landskapsvernombordet vart oppretta var mellom anna med omsyn til den lokale villreinstamma. Landskapsvernombordet omfattar 4 kommunar og lokal forvaltning er eit viktig prinsipp for forvaltninga.

Samstundes i tida rundt opprettninga av verneområdet vart det satsa stort på hyttebygging (Rauland, Vierli, Skinnarbu). Det er innfallsportar frå nord inn i villreinområdet. I Skinnarbuområdet er det over tid blitt anlagt ein god del skiløyper, alle i villreinområdet og i kommunane Vinje, Tinn og Seljord. Løypenettet ligg inne i forvaltningsplanen for verneområdet og såleis blitt godkjendt av verneområdestyret og kommunane. Forvaltningsplanen er godkjendt for perioden 2017 – 2027.

Villreinutvalet har ved fleire høve påpeika og bedt om at delar av løypenettet vert endra med omsyn til villreinen. Løypenettet går dels inn i viktige vinterbeiteområder. Det synest vere vanskeleg/uråd å få gjennomslag for dette. Det virkar som om tilrettelegging for turisme er langt viktigare enn å ta naudsynte omsyn til villreinen. Konsekvensen er at reinen vert endå meir pressa. Det skal leggast til at i ein radius på 30 km frå Skinnarbuområdet er det meir enn 200 km oppkøyrd skiløyper. Det skulle såleis ikkje mangle på gode løypetilbod.

Villreinutvalet meiner kommunane kunne med dei virkemidla dei har enkelt endre/legge ned løypene og på det viset betre tilhøva for reinen. Det vil heller ikkje ha økonomiske konsekvensar. Sidan verneområdestyret og kommunane ikkje får til å gjer noko er det absolutt behov for at det med endringar i lovverket vert enklare å kunne gjennomføre dei naudsynte omsyna.

Det skal leggast til at med den tunge hytte- og turistutbygginga som har vore og pågår i Rauland/Vierli/Skinnarbu området og Tuddal/Gaustadblikkområdet så har reinen slutta å bruke 2 områder. Det er Svinefjellområdet i Vinje og Håkanesfjellet dvs øst for Gaustadtoppmassivet og ut mot Tinnsjøen. Reinens brukte områda til først på 2000 talet. Då vart tilrettelegginga for ferdsel og ferdselet så stor at reinen har halde seg vekke frå områda. Resultatet er at reinen har eit mindre område/areal å leve på. Får denne utviklinga halde fram, så fryktar Villreinutvalet at villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen vert ytterlegare redusert og i verste fall forsvinn frå området.

Mh

Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval

Gudmund Dyrland, leiar

Kolbjørn Birkrem, sekretær